



Thor Osei Liland
Fløksand 83
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2075 - 14/14550

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
26.09.2014

Vedrørande synfaring gnr 5 bnr 4

Viser til synfaring på gnr 5 bnr 4 angående vassleidning Fløksand-Vikebø.

Det vart frå grunneigar si side tatt opp fleire punkt som her vil bli gjeve tilbakemelding på.

Erstatning for gjerde

Grunneigar ønsker at gjerdet som vart tatt ned under anleggsarbeidet vert erstatta. Gjeld 12 stokker og 25 m sauенot med toppstreng.

Kommunen vil erstatte gjerdet.

Plassering av kum

Grunneigar meiner at kum ikkje er plassert riktig etter avtala. Ønsker kummen seinka med 1 m.

Kommunen viser til grunneigaravtala pkt 4: «Ein føreset at leidninga vert lagt med minst 1 m overdekning. Vanleg jordbruksarbeid, pløyning og liknande kan utførast over leidningen.» Det framgår av grunneigaravtala at leidninga skal ligge med minst 1 m overdekning. Dette gjeld ikkje kummar. Toppen av ein kum må liggje omtrent i høgde med terrenget for å sikre tilgang til brannventil, vedlikehaldsarbeid, lufting av leidningen osv. Det er ikkje mogleg å seinke kummen 1 m ned og samtidig ivareta desse omsyna.

Dersom kummen skulle stikke for høgt opp etter kvart, og såleis vanskeleggjere drifta av jorda kan grunneigar ta kontakt med kommunen for utbetring.

Manglande tinglysning av revidert grunneigaravtale

Ny grunneigaravtale vart sendt ut 03.07.2014 for underskrift. Så snart Meland kommune får avtala i retur vil den bli tinglyst.

Erstatning for nedhogd skog

Grunneigar ønsker erstatning for nedhogd skog.

Følger av grunneigaravtala pkt 3: «Tre, hekk og liknande som må fjernast grunna arbeidet skal det gjevast vederlag for». Det er ikkje sagt kor stort vederlag som skal gjevast grunna at det vil variere og ei konkret vurdering må gjerast. Kommunen har kontakta Vestskog for å få gjort denne vurderinga.

Verdien av skogen er basert på arealet, treslag, bonitet, alder, driftsforhold samt eit kapitaliseringskrav på 4,5 %. Skogen er ca 25 år og befinner seg hogstklasse II/III dvs. ungskog. Ved berekning av verdi i desse hogstklassene nytter me oss av venteverdien. Årsaka til dette er at dersom ein skulle avvirke skog i denne hogstklassen ville driftsutgiftene verte høgare enn bruttoprisen på virket. Likevel er skogen verdt nok ettersom det har kostet penger og plante den samt at den har lagt beslag på arealer over lengre tid.

Skogen som er fjerna dekka eit areal på ca 2,4 daa. Venteverdien på skogen er rekna til 2608 kr per daa og 2813 kr per daa der jorda nå er bandlagt. Ettersom arealet er litt usikkert finn kommunen det mest hensiktsmessig å bruke den høgste satsen på heile arealet. Dette innebærer ei erstatning for skog på 6751,20 kr, avrunda til 7000 kr.

Med helsing

Anny Bastesen
sekctorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Thor Osei Liland

Fløksand 83

5918

FREKHAUG